

Referat frå styremøte nr. 6 – 2015

Dato: 13.11.2015

Tid: Kl. 09.00 – 12.30

Stad: Ålesund Kunnskapspark, møterom Ørnetua

Til stades:

Frå styret:

Styreleiar Anders Riise, Hareid kommune

Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune

Styremedlem Astrid Eidsvik, Ålesund kommune (frå kl. 10.00 til kl. 11.50)

Styremedlem Arild Iversen, Volda kommune

Styremedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune

Varamedlem Geir Inge Lien, Vestnes kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Sperre Austnes

Andre:

Konsulent Odd Harald Karlsen frå Reputation in Mind AS (sak 38/2015)

Forfall:

Nestleiar Geir Ove Vegsund, Sula kommune

Styremedlem Eva Kristin Fjørtoft, Sandøy kommune

Varamedlem Bjørn Inge Ruset, Norddal kommune

Varamedlem Jan Berset, Ulstein kommune

Referent: Vegard Sperre Austnes

Referatdato: 15.11.2015

Sak 36/2015: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt.

Ved styreleiar Anders Riise

Styreleiar ønska velkomen til møtet. Innkallinga til møtet vart godkjent. Det var ei sak til eventuelt. Saka gjaldt høyring om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande. Saka vart sendt på epost til styret 11.11.2015.

Sak 37/2015: Godkjenning av referatet frå forrige styremøte (nr. 5 - 2015) 25.09.2015

Ved styreleiar Anders Riise.

Referatet frå forrige styremøte vart godkjent.

Sak 38/2015: Framlegg til revidert strategi for perioden 2016 - 2019

Innleiing ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal og rådgivar Vegard Sperre Austnes, samt ekstern konsulent Odd Harald Karlsen frå Reputation in Mind AS

Notat om visjon og framlegg til ny strategi var sendt ut til møtet.

Karlsen viste til Sunnmøre Regionråd sitt formål jf. selskapsavtalen og det styret tidlegare har sagt når det gjeld visjon. Vidare viste han til kva føremål ein visjon skal støtte, samt til eksempel på visjonar i kjende føretak. Karlsen gjorde greie for prosessen med utarbeiding av visjon for Sunnmøre Regionråd, og administrasjonen og styret sin medverknad i dette arbeidet.

Vidare presenterte og begrunna Karlsen forslaget sitt til visjon, verdiar for selskapet, og slagord, høvesvis «Gjennom samarbeid leiar vi Sunnmøre mot en betre fremtid», «Samlande, synleg og framoverlent» og «Utvikling gjennom samarbeid».

Austnes presenterte forslag til strategi for selskapet 2016-2019. Strategien løftar fram 3 strategiske målsettingar i prioritert rekkefølge: Mål 1: Effektiv fremming av sunnmørske politiske interesser. Mål 2: Effektiv regional næringsutvikling Mål 3: Effektiv utvikling av kommunale tenester. Til kvart av måla er lista Austnes opp ei rekkje konkrete tiltak.

Styret hadde følgjande merknadar:

- Styret ønska visjonen endra til «Gjennom samarbeid leiar vi Sunnmøre inn i framtida».
- Styret sa at ein bør nytte omgrepet «rådmannsgruppa» og ikkje «rådmannsutvalet».

Vidare drøfta styret forslaget om å kalle representantskapet «Sunnmørstinget». Begrepet er meint å gi rike assosiasjonar til det politiske arbeidet ein finn til dømes på Stortinget og i fylkestinga. Fordelen med det kan vere at det skaper merksemd om regionrådet som politisk organ. På den andre sida er ikkje regionrådet eit myndigheitsorgan. Eit alternativt forslag som vart lansert var «Sunnmørrådet».

I styret vart det også drøfta kor vidt ein på sikt bør etablere eit selskap bestående av Sunnmøre Regionråd og næringslivet, eit «Sunnmøre Utvikling AS». Hensikta med dette vil vere å auka forståinga for kvarandre og lufter strategiar. Styret meinte at eit «Sunnmøre Utvikling» kunne vere ein del av strategien, men at ein kunne stryke «AS».

Som innspel til regionrådet sitt vidare arbeid vart det nemnt frå styret at regionrådet bør lage ei liste over viktige politiske saker, at regionrådet må vere forsiktig i saker der deltakarkommunane ikkje er samstemte, at regionrådet bør halde møta sine rundt om i regionen, at regionrådet kan ta initiativ til møter med Romsdal Regionråd (ROR) og Ordførar og Rådmannskollegiet for Nordmøre (Orkidè) for å drøfte om ein kan arbeide i lag, at ein burde koble på næringslivet i eit forprosjekt om strategisk næringsplan for Sunnmøre, at offentleg arbeidsplassar også er viktig for sunnmørsregionen framover og at regionrådet også må samarbeide med høgskolane.

Vedtak: Styret vedtek framlegget til strategi for 2016-2019 med merknadar og drøftingspunkt som nemnt.

Sak 39/2015: Framlegg til budsjett for 2016.

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal og rådgivar Vegard Sperre Austnes

Administrasjonen hadde til møtet utarbeidd eit framlegg til budsjett for 2016 inkl. budsjettkommentarar. Styret hadde følgjande merknadar til framlegget:

- Samanlikningstal (i rekneskaperen for 2015, Sum Generell drift og prosjekt konto 5300) syner at det er utgiftsført styrehonorar i 2015. Dette må vere ei feil føring i rekneskaperen, då det ikkje er styrehonorar i Sunnmøre Regionråd.
- Styret tek ein diskusjon om ressursar til arbeidet med kommunereforma (prosjekt 1170) etter 31.01.2016, jf. milepælsplanen for dette arbeidet.

Vedtak: Styret vedtek framlegget til budsjett for 2016 med merknadar som nemnt.

Sak 40/2015: Framlegg til møteplan for 2016

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Administrasjonen hadde til møtet laga eit framlegg til møteplan for 2016. Styret hadde følgjande merknad: rådmannsmøtet 22. januar må flyttast til 29. januar.

Sak 41/2015: Framlegg til nye medlemmar til valkomiteen. Ved styreleiar Anders Riise og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Knut Støbbakk og Jan Berset går ut av valkomiteen då dei har gått av som ordførarar. Det må difor veljast to nye medlemmar i valkomiteen på representantskapsmøtet 20. november 2015.

Vedtak: Styret foreslår for representantskapet at Dag Olav Tennfjord (ordfører i Skodje kommune) og Knut Erik Engh (ordfører i Ulstein kommune) vert nye medlemmar i valkomiteen.

Sak 42/2015: Vidare arbeid med kommunereforma. Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal viste til at arbeidsprosessane kring kommunereforma no er i ferd med å verte «restarta». Mellom anna var det 10. november møte om arbeidet med kommunereformprosjektet «Regionkommune Sunnmøre». Vidare vert det studietur til Danmark 15.-18. november.

Sak 43/2015: Tilsetting av ny medarbeidar i Sunnmøre Regionråd. Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styret bestemte i sak 34/2015 på forrige styremøte at vurderinga om ein skal tilsette ny medarbeidar i fast stilling i Sunnmøre Regionråd skulle takast opp på nytt på dette styremøtet.

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal sa at han ikkje legg opp til tilsetting av ny medarbeidar i fast stilling på noverande tidspunkt.

Sak 44/2015: Orienteringssak: Politireforma – lokalisering av administrasjonsstad for nye Møre og Romsdal politidistrikt. Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal viste til at regionrådet no held på å samle inn støtterklæringar for Ålesund som administrasjonsstad i nye Møre og Romsdal politidistrikt.

Sak 45/2015: Eventuelt

Kommunalsjef Liv Stette i Ålesund kommune hadde teke opp med dagleg leiar i regionrådet om regionrådet skulle setje ei gang eit felles arbeid med uttale til høyringa om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande.

Styret meinte at kvar kommune burde handsama saka og uttale seg, men at regionrådet kunne vere ein arena for drøfting og koordinering.

Avslutningsvis i møtet orienterte dagleg leiar Jan Kåre Aurdal jf. styresak 35/2015 om at Vest Kontroll planlegg kurs i styrearbeid i slutten av januar 2016.